

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtedato:** 07.02.2006 **Tid:** 15.00 – 18.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. varamenn:

Grunna sjukdom måtte **Magda Haugen** ta på seg sekretærarbeidet. Utvalet løyste henne frå vervet som medlem i utvalet. I hennar stad møtte **Vidar R. Rolland**. Han måtte gå frå møtet kl. 17.10. Frå dette tidspunktet var det 6 medlemmer i utvalet.

**.Desse medlemene møtte ikkje: I staden møtte:**

## **Andre som var tilstade på møtet:**

Kulturkonsulent Johannes Tysseland under handsaming av sak nr. 2/06 og 4/06.

Pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland deltok under Pkt. 1 i skriv og meldingar.

Einingsleiar for barnehagane Anne Jorunn Fredriksen deltok under pkt. 3,4 og 5 i skriv og meldingar.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 9. februar 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Det var ingen merknader til innkallinga. Den vart samrøystes godkjent.

Administrasjonen ba utvalet om å vurdere om dei kunne ta inn ei ekstra sak på saklista. Etter at medlemmane hadde lese gjennom den aktuelle saka, vart det samrøystes vedteke å handsama sak nr. 4 /06 i tillegg til dei andre sakene.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart samrøystes godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Det var ingen saker under utvalet sitt kvarter

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:****Skriv og meldingar**

1. Status og orientering om Fredskorpsarbeidet v/ Pedagogisk konsulent Karin Steinsland.
  - Evalueringsrapport vart delt ut til medlemmane i OO
  - Samarbeidet held fram, men det er ikkje avklart når eller om Samnanger kommune kan senda medarbeidarar til Kenya som ein del av utvekslinga.
2. Status bassenget.
  - Notat om saka vart delt ut til medlemmane i OO
  - Dersom arbeidet går som planlagt, kan bassenget opnast til skulestart hausten 2006.
3. Status ny barnehage Gjerde v/ leiar for barnehageeininga Anne Jorunn Fredriksen.
  - Tingingar med grunneigarar er på gang.
  - Naturutvalet skal handsama reguleringsendring 08.02.06
  - Medlemmane i Utvalet for oppvekst og omsorg ba om at nemnda som er sett ned i høve bygging av ny barnehage, snarast må kallast inn til møte og koma i gang med arbeidet.
4. Status opning ny avd. på Haga v/ leiar for barnehageeininga Anne Jorunn Fredriksen.
  - Få søkjarar har meldt seg.
  - Usikkert om det er økonomisk forsvarleg å opna avdelinga.
5. Revisjon av barnehagevedtektene v/ leiar for barnehageeininga Anne Jorunn Fredriksen.
  - Etter endring i einingsstrukturen er det naudsynt å gjera endringar i vedtektene.
  - OO-utvalet får denne saka til handsaming ved eit seinare høve.
6. Status Stolpane skulehus v/ Audhild Olsnes
  - Taket på huset er no sikra mot regn.
  - Det trengs framleis stor dugnadsinnsats frå mange for å få huset ferdig.
  - Håp om og målsetting at det skal verta ferdig utvendig til 17.mai feiringa 2006.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/06	03/00410 <b>VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING</b>
0002/06	05/00375 <b>KULTURSTIPEND FOR UNGE</b>
0003/06	02/00088 <b>PPT- OPPSEIING AV AVTALE MED VAKSDAL. NYTT SAMARBEID MED OS OG FUSA</b>
0004/06	06/00039 <b>NILS OG SELMA KVITINGEN SI STIFTING FOR VAKSENOPPLÆRING. STYREMEDLEMMER</b>

0001/06

## **VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

##### **Framlegg frå Vidar Ramsli Rolland:**

” Stølen vel v/ Trond Haugens framlegg vedr. namnet ”Stølen” vert imøtekomen. Jfr. pkt 21 i oversikt over merknader til vegnamn og handsaming av dette i vegnamnutvalet.”

Framlegget vart vedteke med 5 mot 2 røyster

##### **Framlegg frå Geir Markhus:**

”Refererer til punkt 2 i framlegg til namn på vegar i Samnanger kommune. Veg nr. 2 mellom Nesodden og Tysse bru får namnet Hagavegen.

Veg frå Straumen bru til Fusa grense (Riksveg 48 ) får namnet Tyssevegen.”

Framlegget vart vedteke med 4 mot 2 røyster.

##### **Framlegg frå Inge Aasgaard:**

”OO har følgjande merknader til Statens namnekonsulentar sine tilrådde skrivemåtar for vegnamna i Samnanger. Jfr. skriv dat. 26.01.06.

Til nr. 50.

OO er ikkje samd i at vegen til Høysæter skal heita Høysetevegen, OO kan ikkje sjå skilnader i for eksempel Høysætervegen og Hardangervegen når det gjeld at avleide namn av gardsnamn skal skrivast utan r.

Til nr. 52.

OO meiner at eit delt særnamn som Fossen Bratte ikkje skal ha liten bokstav i andre del av namnet. Anten må namnet vera Fossen Bratte eller Fossenbratte.”

Framlegget vart vedteke med 5 mot 1 røyst.

#### **Vedtak:**

Stølen vel v/ Trond Haugens framlegg vedr. namnet ”Stølen” vert imøtekomen. Jfr. pkt 21 i oversikt over merknader til vegnamn og handsaming av dette i vegnamnutvalet.

Refererer til punkt 2 i framlegg til namn på vegar i Samnanger kommune. Veg nr. 2 mellom Nesodden og Tysse bru får namnet Hagavegen.

Veg frå Straumen bru til Fusa grense (Riksveg 48 ) får namnet Tyssevegen.

OO har følgjande merknader til Statens namnekonsulentar sine tilrådde skrivemåtar for vegnamna i Samnanger. Jfr. skriv dat. 26.01.06.

Til nr. 50.

OO er ikkje samd i at vegen til Høysæter skal heita Høysetevegen, OO kan ikkje sjå skilnader i for eksempel Høysætervegen og Hardangervegen når det gjeld at avleidde namn av gardsnamn skal skrivast utan r.

Til nr. 52.

OO meiner at eit delt særnamn som Fossen Bratte ikkje skal ha liten bokstav i andre del av namnet. Anten må namnet vera Fossen Bratte eller Fossenbratte.

0002/06

### **KULTURSTIPEND FOR UNGE**

#### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

#### **Fellesframlegg sett fram av Audhild Olsnes.**

”Utvalet for OO går inn for vedtektene og søknadsskjema slik det ligg føre i saksframlegget. Ordninga skal evaluerast etter 3 år, dvs 2009.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Utvalet for OO går inn for vedtektene og søknadsskjema slik det ligg føre i saksframlegget. Ordninga skal evaluerast etter 3 år, dvs 2009.

0003/06

### **PPT- OPPSEIING AV AVTALE MED VAKSDAL. NYTT SAMARBEID MED OS OG FUSA**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune seier opp pr. 01.08.06 avtalen om interkommunalt PPT-kontor med Vaksdal og Modalen. Administrasjonssjefen får mandat til å utarbeide avtale der Samnanger kjøper PP-Teneste først og fremst av Os kommune. Dersom dette ikkje let seg gjer ber me om å få vurdere å kjøpe PP-Teneste frå andre kommunar innan Bergen regionråd.

#### **Handsaming i møte:**

**Fellesframlegg sett fram av Liv Berit K. Kadoor.**

”Utval for oppvekst og omsorg ynskjer ikkje å ta stilling til kven Samnanger skal søkja samarbeid med i PP-Tenesta før dette er betre utgreidd. Ein føreslår at administrasjonen utgreier dette og legg dette på nytt fram for OO før ein kan ta endeleg stilling til dette.”

Framlegget vart samrøystes vedteke med 6 røyster. ( ein representant var gått frå møtet ).

**Vedtak:**

Utval for oppvekst og omsorg ynskjer ikkje å ta stilling til kven Samnanger skal søkja samarbeid med i PP-Tenesta før dette er betre utgreidd. Ein føreslår at administrasjonen utgreier dette og legg dette på nytt fram for OO før ein kan ta endeleg stilling til dette.”

0004/06

**NILS OG SELMA KVITINGEN SI STIFTING FOR VAKSENOPPLÆRING.  
STYREMEDLEMMER**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

**Framlegg frå Inge Aasgaard**

”OO ber om at sak nr. 004/06 vert handsama på prinsipielt grunnlag av kommunestyret.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

OO ber om at sak nr. 004/06 vert handsama på prinsipielt grunnlag av kommunestyret